



Arkivnr: 2016/2768-25

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om avvik i prosjektrekneskapar

Bakgrunn for saka:

I samband med kontrollutvalet si handsaming av sak PS 95/17 Godkjenning av prosjektrekneskap for Osterøy vidaregåande skule og sak PS 96/17 Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar i møte 12.09.2017 vart det gjort slike vedtak:

PS 95/17 Godkjenning av prosjektrekneskap for Osterøy vidaregåande skule

1. *Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.*
2. *Kontrollutvalet er sterkt uroa over at også dette prosjektet har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.*
3. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte og gjera greie for usedvanleg stort avvik i kalkylen for Osterøy vidaregåande skule.*

I saksframlegget til denne saka går det m.a. fram dette:

«Prosjektet gjekk ut med eit meirforbruk, i høve opphavleg budsjett, på 53,9 %. Dersom ein ser det i høve total løyving viser prosjektrekneskapen eit meirforbruk på 0,01 %, jf. oversyn nedanfor. Sekretariatet merkar seg at det i dette prosjektet er eit stort avvik mellom opphavleg løyving og framlagt prosjektrekneskap. Det kan difor, som kontrollutvalet også har merka seg ved fleire tidlegare høve, vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok også i dette prosjektet.»

PS 96/17 Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar

1. *Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.*
2. *Kontrollutvalet er sterkt uroa over at også desse prosjekta har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore*

gode nok.

3. *Vidare har utvalet merka seg at det for 3 av desse prosjekta har teke omlag 5 år og meir frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare*
4. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte og gjera greie for usedvanleg store avvik i kalkylen for Stord og Austevoll vidaregåande skule.*

I saksframlegget til denne saka går det m.a. fram dette:

*«**Prosjekt 2147 Stord vgs** gjekk ut med eit mindreforbruk på heile 54,3 % som må seiast å vera eit stort avvik i høve løyvd ramme. Det kan difor vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i dette prosjektet.*

*For **prosjekt 6022 Austevoll vgs** er det eit særst stort meirforbruk på 73 % i høve opphavleg løyving som var på kr 40 000 000 i økonomiplanen for 2008 – 2011. Årsaka til dette vert oppgjeve å vera stor aktivitet i byggebransjen og dermed liten interesse blant entrepenørane utanfor kommunen til å rekne på tilbod i Austevoll. Også i dette prosjektet kan det, på bakgrunn av det som går fram over, vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i dette prosjektet. Også for dette prosjektet har sekretariatet merka seg at det har teke lang tid, omlag 7 år, frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt.»*

Drøfting:

På bakgrunn av det som kjem fram i siste punkt i begge vedtaka over er fylkesrådmannen beden om å kome i dette møtet for å gjera greie for desse avvika.

Konklusjon:

Ut frå det som kjem fram i fylkesrådmannen si orientering, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek stilling til korleis dei bør konkludere. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.